

# SAKSFRAMLEGG

## Tysnes kommune

### KOMMUNAL OVERTAKING - UGGDAL VASSLAG SA

---

Sakshandsamar: Steinar Dalland

---

Arkivsak : 17/624 -  
Arkivkode: 540

---

[... &&& Set inn vedlegga og saksutgreiinga under &&& \(Ikkje slett denne lina\)](#)

#### Vedlegg:

#### SAKSUTGREIING:

I e-post av 20. september d.å. uttrykkjer Uggdal Vasslag SA ønskje, etter samrøystes vedtak frå omframt årsmøte 18. september 2017, å be rådmannen om utgreiing for ei eventuell kommunal overtaking og drift av vasslaget.

Uggdal Vasslag SA ønskje å drøfta innleige av konsulent til utgreiingsarbeidet og avklara kostnadsdeling for denne.

Før det vert starta opp arbeid kring vidare utgreiing av spørsmålet må kommunestyre gjera eit prinsippvedtak om at dei ønskjer å etablera eit prosjekt som gjev mandat til utgreiing av konsekvensar ved overtaking av vassverket.

Ei vurdering av eventuell kommunal overtaking må først gjennom ei utgreiingsfase. I utgreiing av saka må mellom anna følgjande tema vurderast:

- Standard på vasskjelde, vassbehandling og distribusjonsnett.
- Tiltak for å oppnå ei tilfredsstillande vassforsyning.
- Kostnadskalkyler og gebyrmessige konsekvensar for vasslaget sine abonnentar og kommunen.
- Konsekvensvurdering av at kommunen eventuelt ikkje vel å overta laget.
- Tilrådd prinsipplysing, eventuelle investeringsbehov, finansieringslysing og konsekvensar for gebyr.

Med bakgrunn i ei slik utgreiing må kommunestyre og Uggdal Vasslag SA ta stilling til tilrådingane som kjem fram og eventuelt utarbeida ein intensjonsavtale med rammer for vidare arbeid med planlegging av gjennomføring av overtaking.

Dersom det vert gjort ein intensjonsavtale med mål for vidare arbeid vert det ein planleggingsfase for konkret gjennomføring av ei eventuell kommunal overtaking. I samband med dette må det utarbeidast eit grunnlag for økonomisk oppgjer ved overtaking og eit framlegg til avtale om overtaking. Etter at dette er gjort kan dei kompetente organa i kommune og vasslag gjera vedtak om overtaking.

Det er ei relativt omfattande utgreiing som må gjerast og det vil vera turvande å setja av økonomiske rammer for gjennomføring i budsjett for 2018. Uggdal Vasslag SA ønskjer å drøfte innleige av konsulent og deling av kostnader i prosjektet. Det er naturleg at det vert utforma ein avtale kring dette som vert knytt til etablering av eit mandat for utgreiingsarbeidet.

Det er naturleg at det er kommunen står som prosjektansvarleg i utgreiingsfase med deltaking frå vassverket. Det må utformast eit mandat som avklarar hovudaktivitetar, tidsfesta framdriftsplan og budsjett for arbeidet. Ein samla prosess som går fram til vedtak om overtaking vil fort kunne gå over eitt til to år.

Det er positivt at det allereie er samarbeid mellom Uggdal Vasslag SA og Tysnes kommune, dette gjeld ikkje minst i arbeidet med kommunedelplan for vatn og avlaup. Ein del grunnleggjande problemstillingar vil verta avklara gjennom dette arbeidet.

Rådmannen meiner at kommunen bør vera positivt innstilt til å gjennomføra ei utgreiing av eventuell overtaking av Uggdal Vasslag SA. Konklusjonane i ei slik utgreiing vert førande for det grunnleggjande spørsmålet om korleis me til slutt skal vurdere spørsmål om overtaking.

**... &&& Set inn saksutgreiinga over &&& (Ikkje slett denne lina)**

#### **INNSTILLING FRÅ RÅDMANNEN:**

**::: &&& Set inn innstillinga under &&& (Ikkje slett denne lina)**

Tysnes kommune er positive til å gjennomføra ei utgreiing av eventuell kommunal overtaking av Uggdal Vasslag SA.

Det vert sett som vilkår at Uggdal Vasslag SA bidreg både økonomisk og organisatorisk i eit slikt arbeid. Rådmannen får fullmakt til starte drøftingar med Uggdal Vasslag SA om mandat og fordeling av kostnader ved utgreiingsarbeidet.

Mandat for utgreiingsprosjektet skal godkjennast av formannskapet før arbeidet vert sett i verk.

**::: &&& Set inn innstillinga over &&& (Ikkje slett denne lina)**